



Time kommune

Kvalitetsmelding for Timeskulen 2023

Kvalitetsmelding for Timeskulen 2023

Kvalitetsmelding for Timeskulen 2023 presenterer informasjon om resultat og utvikling for skulane i Time med vurderingar knytt til følgjande område:

- Utvikling knytt til læringsresultat og skulebidrag
- Utvikling knytt til elevane sitt læringsmiljø
- Grunnskulepoeng og overgang til vidaregåande skule
- Gjennomføring i vidaregåande skule
- Spesialundervisning
- Foreldreundersøkinga

For resultat og data som omhandlar nasjonale prøvar og skulebidragsindikatorar er det laga ei framstilling som først presenterer dei ulike barneskulane som har felles mottakarskular på ungdomstrinnet.

Status og utvikling for skulane i Time knytt til omtalte område i rapporten

Læringsresultat (Kartleggingsprøvar, nasjonale prøvar og skulebidrag)

Kartleggingsprøver

Det er nye nasjonale føringar knytt til kartleggingsprøvar på 1. og 3. trinn. Kartleggingsprøvene er laga for å finna elevar som treng ekstra oppfølging slik at ein kan setja inn tiltak tidleg i læringsløpet. Prøvene på 3 trinn er obligatoriske, mens prøvene på 1. trinn er frivillige. Som del av kvalitetsarbeidet i Timeskulen er det valt at alle elevane skal gjennomføra kartleggingsprøvene i lesing og rekning også på 1. trinn. Elevane på 3. trinn gjennomførte prøvene i oktober 2022, mens 1. trinn skal gjennomføra desse våren 2023.

Skulebidrag

Skulebidragsindikatorane prøver å visa kva skulane sin innsats betyr for elevane sine læringsresultat. For å kunna måla dette vert den delen av læringsresultata som skuldast forutsetningane elevane har med seg skilt ut.

- For 1.-4. trinn er det teke utgangspunkt i elevane sine gjennomsnittresultat frå nasjonale prøver på 5. trinn i lesing, rekning og engelsk, og justert for familiebakgrunn (foreldra sitt utdanningsnivå, hushaldningsinntekt og elevane sin innvandringsbakgrunn).
- For 5.-7. trinn er det teke utgangspunkt i elevane sine gjennomsnittresultat frå nasjonale prøver på 8. trinn i lesing, rekning og engelsk. Gjennomsnittresultatet er justert for dei same elevane sitt gjennomsnittresultat frå nasjonale prøvar på 5. trinn i lesing, rekning og engelsk + familiebakgrunn.

- Grunna regjeringa si avgjerd om å avlysa eksamen i grunnskulen våren 2020 og 2021, er det ikkje berekna skulebidragsindikator for 8.-10. trinn for dei samanslåtte skuleåra 2019 og 2020, og 2020 og 2021.

For elevane finnes det ikkje tidlegare resultat enn nasjonale prøvar på 5. trinn. For indikatoren på 1.-4. trinn vert det derfor berre kontrollert for familiebakgrunn. Denne indikatoren gir derfor ikkje eit så presist estimat på skulen sitt bidrag samanlikna med dei andre trinna. Som oftast vil skular som avviker mykje frå det nasjonale snittet i sitt bidrag på 1.-4. trinn ha eit bidrag på 5.-7. trinn som ligg nærare det nasjonale snittet.

Det er viktig å vera forsiktig når ein samanliknar resultat basert på få elevar. Ein elev som presterer svært godt eller svært dårleg vil påverka gjennomsnittet mykje meir på ein liten skule enn ein stor skule. Desto fleire elevar eit gjennomsnittresultat er basert på, desto sikrere er ein på gjennomsnittet.

For å synleggjera at det er usikkerheit knytt til dei estimerte indikatorane vert det også presentert eit intervall som syner kor sikre ein er på at skulen sitt bidrag er forskjellig frå landssnittet. Dersom skulen sitt bidrag er likt landsgjennomsnittet, er skulebidraget lik 0. Dersom intervallet overlappar med null kan ein ikkje seia at skulebidraget er statistisk signifikant forskjellig frå gjennomsnittet. Positiv verdi indikerer at skulen bidreg meir enn landssnittet. Negativ verdi indikerer at skulen bidreg mindre enn landssnittet. Ein negativ verdi betyr ikkje at skulen bidreg negativt til elevane sine resultat, men at bidraget er mindre enn landssnittet.


Ut over dette seier ikkje indikatoren noko om skulen sitt bidrag til elevane si læring i andre fag. Den seier heller ikkje noko om skulen sin evne til å ta i vare andre delar av skulen sitt oppdrag.

Nasjonale prøvar

Elevane gjennomfører nasjonale prøvar i lesing, rekning og engelsk på 5. og 8. trinn. På 9. trinn gjennomfører elevane dei same prøvane som dei hadde på 8. trinn i lesing og rekning for å følgja utviklinga. Som del av oppfølging av nasjonale prøvar vert det gjort analysar og sett inn tiltak ved den enkelte skulen. På 5. trinn vert ferdigheitene delt inn i 3 nivå, og på 8. og 9. trinn er dette delt inn i 5 nivå. Ein er særleg merksam på elevar som ligg på nivå 1 på 5. trinn og på nivå 1 og 2 på ungdomstrinnet.

Resultat blir i offentleg statistikk presentert i skalapoeng der nasjonalt snitt på 5. og 8. trinn som hovudregel ligg på 50. Ei forventet læring etter eit år med skulegang er 4 skalapoeng. Nasjonalt snitt på 9. trinn er som hovudregel 54 skalapoeng.

Resultata for Time samla er presentert i Kvalitet og utviklingsmeldinga til Jærskulen.



Følgjande tabellar til dei ulike skulane vert presentert i Kvalitetsmelding for Timeskulen:

Arbeidet på 1.-4. trinn:

- Kartleggingsprøvar på 3.trinn i lesing og rekning, gjennomført i oktober 2022
- Nasjonale prøvar på 5. trinn. Her vert skalapoeng for dei enkelte skulane dei fire siste åra presentert.
- Skulebidragsindikatorar for 1.-4. trinn i perioden 2018-2021

Arbeidet på 5.-7. trinn:

- Nasjonale prøvar på 8. trinn. I tabellen vert prosentdel av elevar som skårar på nivå 1 og 2, presentert for den enkelte barneskulen elevane kjem frå. Dette fordi ein i statistikkbanken ikkje får oppgitt skalapoenga for desse på den enkelte barneskulen.
- Skulebidragsindikator for 5.-7. trinn i perioden 2018-2021

Arbeidet på 8.-10. trinn:

- Arbeidet frå 8. til 9. trinn vert målt på nasjonale prøvar i 9. trinn. Tabellane syner skalapoenga for 8. og 9. trinn for å følgja utviklinga
- Karakterar og grunnskulepoeng

Bryne-, Hognestad- og Rosseland skule

- Avgjer elevane sine til Bryne ungdomsskule og Vardheia ungdomsskule

Arbeid på 1.-4. trinn:

Kartleggingsprøvar 3.trinn – Andel elevar i prosent, som er i oppfølgingsområdet:

3.trinn	2022-2023
Bryne skule	
Lesing	38%
Rekning	23%
Hognestad skule*	
Lesing	--
Rekning	--
Rosseland skule	
Lesing	26%
Rekning	24%

Resultata for alle tre skulane viser at meir enn 1/4 av elevane har behov for oppfølging i lesing og rekning


* Hognestad har få elevar, og resultat blir difor omfatta av publiseringsreglane som blir nytta av UDIR («prikka»). Dette for å hindra direkte eller indirekte identifisering av enkeltelevar.

Nasjonale prøvar 5. trinn, resultat målt i skalapoeng

5.trinn	2018-19 nasjonalt 50	2019-20 nasjonalt 50	2020-21 nasjonalt 50	2021-22 nasjonalt 50	2022-23 nasjonalt 50
Bryne skule					
Engelsk	52	54	50	50	52
Lesing	48	51	49	49	50
Rekning	52	51	49	48	51
Hognestad skule					
Engelsk	52	50	54	46	50
Lesing	53	54	53	52	45
Rekning	51	54	52	52	50
Rosseland skule					
Engelsk	49	51	51	49	51
Lesing	48	50	49	48	51
Rekning	49	52	50	49	53

Bryne skule ligg inneverande år over nasjonalt nivå i engelsk og rekning, og på nasjonalt nivå i lesing. Trenden over tid syner at skulen har stabile tal i engelsk, mens dei i lesing og rekning har resultat under nasjonalt snitt tre av fem år. Hognestad skule ligg på nasjonalt nivå i engelsk og rekning, og under nasjonalt nivå i lesing. Trenden over tid syner at skulen har relativt stabile tal på alle dei tre prøvane. I 2022 ligg Rosseland skule over nasjonalt snitt på alle dei tre prøvane. Trenden over tid syner at skulen har relativt stabile tal i engelsk og rekning, mens dei i lesing har resultat under nasjonalt snitt tre av fem år.

Skulebidrag 1.-4 trinn



Skulebidragsindikatorane vert presentert med to samanslåtte kull. Når ein t.d. ser på skulebidraget for Bryne skule knytt til indikatoren 2018+2019 kan ein sjå desse opp mot årskulla i tabellen over som syner resultat for nasjonale prøvar for åra 2018-2019 + 2019-2020. Skulebidraget for Bryne skule var for 2018+2019 over landsnittet, og intervall for usikkerheit overlappa ikkje 0 som er landsnittet. Dette kan då forståast som at skulen dette året hadde positivt bidrag til elevane si læring.

Skulebidragsindikatorane på 1.-4. trinn syner at:

Bryne skule har ein nedgåande trend for dei samanslåtte årskulla. Kullet 2019-2020 låg over nasjonalt snitt på alle dei tre prøvane, medan kullet året etter ligg under nasjonalt snitt på to av dei tre prøvane. Dette medfører at skulebidragsindikatoren for 2019+2020 går ned frå 1,2 til 0,5. Resultatet for årskullet som gjennomførte nasjonale prøvar i 2021-2022 låg også under nasjonalt snitt på to av tre prøvar, og samanslåinga med førre kull syner at bidraget går ned frå 0,5 til -0,9. For desse to indikatorane overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan derav ikkje seia at det er statistisk signifikant forskjellig frå landsnittet.

Hognestad skule har få elevar, og resultatata påverkar gjennomsnittet mykje meir enn på ein større skule. Skulebidragsindikatorane for dei tre samanslåtte kulla syner at skulen ligg over nasjonalt snitt. For kulla 2018+2019 og 2020+2021 overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan derav ikkje seia at det er statistisk signifikant forskjellig frå landsnittet. For kulla 2019+2020 er det ikkje overlapping med 0, og ein kan forstå dette som at skulen har bidrege signifikant positivt til elevane si læring.

For Rosseland skule syner skulebidragsindikatorane variasjon mellom år. 2018+2019 indikatoren er ei samanslåing av to årskull der det eine kullet låg under nasjonalt snitt på alle tre prøvane, og det andre kullet presterte på, og over nasjonalt snitt. Indikatoren for 2019+2020 syner positiv utvikling, og er eit resultat av samanslåing av to kull som ligg på og over nasjonalt snitt på 5 av seks prøvar. Indikatoren for 2020+2021 er ei samanslåing av to kull der 4 av seks prøvar ligg under nasjonalt snitt og samla bidrag er -0,7. For alle kulla på Rosseland skule overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan derav ikkje seia at det er statistisk signifikant forskjellig frå landsnittet.

Arbeid på 5.-7. trinn:

Resultat målt i prosent av elevar på nivå 1 og 2 på nasjonale prøvar på 8. trinn.

8.trinn	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Bryne skule					
Engelsk	37% (27%)	33% (30%)	12% (27%)	31% (26%)	29% (29%)
Lesing	35% (26%)	26% (25%)	21% (27%)	29% (27%)	30% (29%)
Rekning	29% (30%)	28% (31%)	22% (31%)	33% (31%)	27% (29%)
Hognestad skule*					
Engelsk	-	-	-	-	-
Lesing	-	-	-	-	-
Rekning	-	-	-	-	-
Rosseland skule					
Engelsk	23%	38%	12%	20%	20%
Lesing	18%	34%	16%	26%	22%
Rekning	17%	31%	15%	24%	17%


* Hognestad har få elevar, og resultat blir difor omfatta av publiseringsreglane som blir nytta av UDIR («prikka»). Dette for å hindra direkte eller indirekte identifisering av enkeltelevar.

Bryne skule har over tid fleire elevar på dei lågaste nivåa i engelsk og lesing, mens dei har færre elevar på desse nivåa over tid i rekning.

Ved Hognestad skule er det er fleire elevar på dei lågaste nivåa i engelsk tre av fem år. Skulen har færre elevar på desse nivåa i lesing og rekning.

Rosseland skule har færre elevar på dei lågaste nivåa samanlikna med nasjonalt nivå i rekning alle åra. Det same er trenden for lesing og rekning, der resultatet fire av fem år er færre elevar på dei lågaste nivåa.

Skulebidrag 5.-7. trinn



Skulebidragsindikatorane på 5.-7. trinn syner:

Bryne skule har ein nedgåande trend for dei samanslåtte årskulla for 5.-7.trinn. Over tid ser ein at fleire elevar ligg på dei lågaste nivåa på dei nasjonale prøvane på 8. trinn. Indikatorane vert berekna ut frå desse resultatata og justert ut frå resultatata elevane hadde på nasjonale prøvar på 5. trinn + familiebakgrunn. For alle indikatorane overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan derav ikkje seia at det er statistisk signifikant forskjellig frå landsnittet.

Indikatorane syner for Hognestad skule at det er variasjon mellom år. Det kjem fram av resultatata på 8. trinn at det er store ulikskapar i prosent av elevar som er på dei lågaste nivåa på dei nasjonale prøvane. Desse vert i utrekninga av indikatorane justert opp mot elevane sine resultat på 5. trinn + familiebakgrunn. Resultat her er sterkt påverka av at det er få elevar og dette gjev større utslag i berekninga. For alle indikatorane overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan derav ikkje seia at det er statistisk signifikant forskjellig frå landsnittet.

For Rosseland skule syner skulebidragsindikatorane at dei ligg over landsnittet alle åra. Elevane sine resultat gjennom alle åra som er utgangspunkt for gjennomsnittsberekinga viser at det er færre elevar på dei lågaste nivåa på alle dei tre prøvane med unntak av lesing og engelsk i 2019/2020. Indikatoren for 2019+2020 overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan ikkje seia at dei her er signifikant forskjellig for landsnittet. For indikatorane 2018+2019 og 2020+2021 er det ikkje overlapping med 0, og ein kan her seia at skulen bidreg signifikant positivt til elevane si læring.

Arbeid på 8.-10. trinn:

Resultat målt i skalapoeng på nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn ved Bryne ungdomsskule

Bryne ungdomsskule	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023	Nasjonalt
8. trinn engelsk	49	52	48	50	50
8. trinn lesing	48	52	49	51	50
8. trinn rekning	49	53	49	52	50
9. trinn lesing	52	54	56	53	54
9. trinn rekning	53	55	57	54	54

Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2020-21	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2021-22	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2022-23
---	---	---

Resultatet for 8. trinn måler arbeidet som er gjort på mellomtrinnet på barneskulen. Elevane på 8. trinn på Bryne ungdomsskule ligg på og over nasjonalt snitt på alle dei tre prøvane.

Vidare viser utviklinga for arbeidet som blir gjort på Bryne ungdomsskule at dei har bidreg til å auka elevane sitt læringsutbytte i lesing og rekning for dei tre siste kulla på 9. trinn med 4, eller meir skalapoeng. Resultata på 9. trinn ligg under og på nasjonalt snitt.

Resultat målt i skalapoeng på nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn ved Vardheia ungdomsskule

Vardheia ungdomsskule	2021-2022	2022-2023	Nasjonalt
8. trinn engelsk	51	51	50
8. trinn lesing	53	50	50
8. trinn rekning	51	52	50
9. trinn lesing	53	56	54
9. trinn rekning	52	56	54

Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2022-23

Vardheia ungdomsskule starta opp august 2021 og tek i mot elevar frå Tu- og Orre skule i Klepp, og frå Bryne- og Rosseland skule i Time. Resultata for 8. trinn viser at elevane ligg på, eller over nasjonalt nivå. Utviklinga frå 8. trinn til 9. trinn syner at elevane har hatt ein framgang på 3 skalapoeng i lesing og 5 skalapoeng i rekning. Resultata på 9. trinn ligg over nasjonalt snitt.

Lye- og Undheim skule

- avgjer elevar til Lye ungdomsskule.

Arbeid på 1.-4. trinn:

Kartleggingsprøvar 3.trinn - Elevar som er i oppfølgingsområdet

3.trinn	2022-2023
Lye skule	
Lesing	51%
Rekning	31%
Undheim skule	
Lesing	40%
Rekning	53%


Resultata for skulane viser at opp mot halvparten av elevane har behov for oppfølging i lesing og rekning

Resultat målt i skalapoeng på nasjonale prøvar på 5. trinn

	2018-19 nasjonalt 50	2019-20 nasjonalt 50	2020-21 nasjonalt 50	2021-22 nasjonalt 50	2022-23 nasjonalt 50
Lye skule					
Engelsk	51	50	51	50	47
Lesing	52	50	51	49	48
Rekning	51	50	50	49	51
Undheim skule					
Engelsk	51	45	55	47	46
Lesing	51	46	50	52	49
Rekning	52	52	50	49	45

Lye skule ligg inneverande år under nasjonalt nivå i engelsk og lesing, og over nasjonalt nivå i rekning. Trenden over tid syner at skulen har stabile tal i engelsk og rekning, mens dei i lesing har resultat under nasjonalt snitt to av fire år. Undheim skule ligg inneverande under nasjonalt nivå på alle dei tre prøvane. Trenden over tid syner at skulen ligg under nasjonalt snitt i tre av fire år i engelsk, og to av fire år i lesing og rekning.

Skulebidrag 1.-4 trinn



Skulebidragsindikatorane viser at Lye skule ligg over landsnittet på to av dei tre samanslåtte kulla. Diagrammet syner for dei tre indikatorane ein nedgang og siste måling ligg under landsnittet. Elevane hadde resultat på nasjonale prøvar som låg på eller over nasjonalt nivå for alle kulla som er slått saman i 2018+2019 og 2019+2020. Det eine kullet som er del av indikatoren for 2020+2021 som ligg under landsnittet hadde resultat som låg under nasjonalt snitt på to av prøvane.

For indikatorane 2018+2019 og 2019+2020 er det ikkje overlapping med 0 og skulen har bidrege signifikant positivt til desse kulla si læring. For 2020+2021 overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan derav ikkje seia at det er statistisk signifikant forskjellig frå landsnittet.

Undheim skule sine indikatorar viser at dei har vore under landssnittet to av dei tre åra. Siste måling syner at dei ligg over landssnittet. Det er variasjon mellom år på om elevane har resultat som ligg på og over, eller under nasjonalt nivå på dei nasjonale prøvane. Når kull som ligg på og over nasjonalt nivå blir slått saman med kull som ligg under nasjonalt nivå er dette med på å påverka indikatorane. For alle åra overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan derav ikkje seia at det er statistisk signifikant forskjellig frå landssnittet.

Arbeid på 5.-7. trinn:


Resultat målt i prosent av elevar på nivå 1 og 2 på nasjonale prøvar på 8. trinn.

8.trinn	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Lye skule					
Engelsk	26% (27%)	38% (30%)	50% (27%)	24% (26%)	40% (29%)
Lesing	26% (26%)	35% (25%)	41% (27%)	15% (27%)	25% (29%)
Rekning	30% (30%)	45% (31%)	45% (31%)	24% (31%)	28% (29%)
Undheim skule*					
Engelsk	-	-	-	-	-
Lesing	-	-	-	-	-
Rekning	-	-	-	-	-

* Undheim skule har få elevar, og resultat blir difor omfatta av publiseringsreglane som blir nytta av UDIR («prikka»). Dette for å hindra direkte eller indirekte identifisering av enkeltelevar.

5.-7. trinn: Lye skule har over tid færre elevar på dei lågaste nivåa i lesing og rekning, mens det er fleire elevar på desse nivåa i engelsk tre av fem år. Kulla skil seg ut ved at nokre gjennomgåande har fleire elevar på dei lågaste nivåa på alle prøvane, mens andre har færre på desse nivåa. Undheim skule har få elevar og dette gjev utslag i høg prosentdel. Ferdigheitene i engelsk og lesing skil seg over tid ut ved at fleire elevar er på dei lågaste nivåa. Dei tre siste åra er det færre elevar på dei lågaste nivå i rekning.

Skulebidrag 5.-7. trinn i perioden 2018-2021



Skulebidragsindikatorane på 5.-7. trinn syner:

Lye skule ligg under landsnittet på to av dei tre indikatorane. På siste måling ligg resultatet på nasjonalt nivå. Det eine kullet som er del av indikatoren 2018+2019 hadde færre elevar på dei lågaste nivåa på dei nasjonale prøvane medan det andre kullet hadde fleire elevar på desse nivåa. Indikatorane vert berekna ut frå desse resultatata og justert ut frå resultatata elevane hadde på nasjonale prøvar på 5. trinn + familiebakgrunn. For alle indikatorane overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan derav ikkje seia at det er statistisk signifikant forskjellig frå landssnittet.

Undheim skule sine indikatorar ligg under landssnittet og utviklinga har vore nedgåande. Resultat her er påverka av at det er få elevar og dette gjev større utslag i berekninga. Over tid ser ein at fleire elevar ligg på dei lågaste nivåa på dei nasjonale prøvane på 8. trinn. Indikatorane vert berekna ut frå desse resultatata og justert ut frå resultatata elevane hadde på nasjonale prøvar på 5. trinn + familiebakgrunn. For alle indikatorane overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan derav ikkje seia at det er statistisk signifikant forskjellig frå landssnittet.

Arbeid på 8.-10. trinn:

Resultat målt i skalapoeng på nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn ved Lye ungdomsskule

Lye ungdomsskule	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023	Nasjonalt
8. trinn engelsk	47	46	51	47	50
8. trinn lesing	47	46	51	48	50
8. trinn rekning	48	47	51	50	50
9. trinn lesing	53	52	52	54	54
9. trinn rekning	57	53	52	55	54

Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2020-21	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2021-22	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2022-23
---	---	---

Resultatet for 8. trinn måler arbeidet som er gjort på mellomtrinnet på Lye- og Undheim skule. Elevane på 8. trinn på Lye ungdomsskule ligg under nasjonalt snitt i engelsk og lesing, og på nasjonalt snitt i rekning. Vidare viser utviklinga for arbeidet som blir gjort på Lye ungdomsskule at dei har bidrege til å auka elevane sitt læringsutbytte i lesing med 4 eller meir skalapoeng to av dei tre siste åra, og med 4 eller meir skalapoeng dei tre siste åra. Resultata på 9. trinn ligg på og over nasjonalt snitt.

Frøyland skule

- avgjer elevane til Frøyland ungdomsskule.

Arbeid på 1.-4. trinn:

Kartleggingsprøvar 3.trinn - Elevar som er i oppfølgingsområdet

3.trinn	2022-2023
Frøyland skule	
Lesing	20%
Rekning	8%


Resultata viser at skulen har få elevar i oppfølgingssonen i rekning, og 1/5 av elevane har behov for oppfølging i lesing

Resultat målt i skalapoeng på nasjonale prøvar på 5. trinn

	2018-19 nasjonalt 50	2019-20 nasjonalt 50	2020-21 nasjonalt 50	2021-22 nasjonalt 50	2022-23 nasjonalt 50
Frøyland skule					
Engelsk	52	50	53	51	55
Lesing	47	48	54	50	56
Rekning	48	48	53	50	55

Frøyland skule sine resultat ligg markant over nasjonalt nivå på alle prøvane inneverande år. Utviklinga dei tre siste åra syner stabile resultat på alle dei tre prøvane som ligg på eller over nasjonalt snitt.

Skulebidrag 1.-4 trinn i perioden 2018-2021



Skulebidragsindikatorane på 1.-4. trinn syner at:

Frøyland skule har positiv utvikling over tid. Kulla som er del av indikatoren 2018+2019 var begge under nasjonalt nivå i rekning og lesing. Det eine av kulla som er del av indikatoren 2019+2020 låg langt over nasjonalt nivå på alle dei tre nasjonale prøvane. Som del av den siste indikatoren 2020+2021 er resultatata for begge kulla langt over, og på nasjonalt snitt. For

dei to siste indikatorane er det ikkje overlapp med 0, og ein kan her seia at skulen har bidrege signifikant positivt til elevane si læring.


Arbeid på 5.-7. trinn:

Resultat målt i prosent av elevar på nivå 1 og 2 på nasjonale prøvar på 8. trinn.

	2018-19	2019-20	2020-21	2021-22	2022-23
Frøyland skule					
Engelsk	16% (27%)	31% (30%)	29% (27%)	17% (26%)	38% (29%)
Lesing	29% (26%)	33% (25%)	40% (27%)	21% (27%)	35% (29%)
Rekning	22% (30%)	31% (31%)	42% (31%)	27% (31%)	36% (29%)

5.-7. trinn: Frøyland skule har fleire elevar på dei lågaste nivåa på alle dei tre prøvane samanlikna med nasjonalt nivå. Året før var resultatet det motsette. Utvikling over tid syner at lesing skil seg ut der det er fleire elevar fire av fem år på dei lågaste nivåa.

Skulebidrag 5.-7. trinn i perioden 2018-2021



Skulebidragsindikatorane på 5.-7. trinn syner at:

Frøyland skule to av tre år ligg under landssnittet. Siste måling syner positivt resultat der skulen ligg over snittet. Kulla som er del av indikatoren 2018+2019 låg under nasjonalt nivå på 3 av 6 prøvar. Det eine av kulla som er del av indikatoren 2019+2020 låg under nasjonalt nivå på alle dei tre nasjonale prøvane. Som del av den siste indikatoren 2020+2021 er resultatata for det eine kullet at dei har langt færre på dei lågaste nivå enn landssnittet. Indikatorane vert berekna ut frå desse resultatata og justert ut frå resultatata elevane hadde på nasjonale prøvar på 5. trinn + familiebakgrunn. For alle indikatorane overlappar intervallet for usikkerheit med 0, og ein kan derav ikkje seia at det er statistisk signifikant forskjellig frå landssnittet.

Arbeid på 8.-10. trinn:

Resultat målt i skalapoeng på nasjonale prøvar på 8. og 9. trinn ved Frøyland ungdomsskule

Frøyland ungdomsskule	2019-2020	2020-2021	2021-2022	2022-2023	Nasjonalt
8. trinn engelsk	48	50	52	48	50
8. trinn lesing	46	48	50	49	50
8. trinn rekning	48	49	52	48	50
9. trinn lesing	53	52	55	56	54
9. trinn rekning	55	52	53	55	54

Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2020-21	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2021-22	Utviklinga for eitt trinn frå 8. til 9. trinn i 2022-23
---	---	---

Elevane på 8. trinn er i 2022 under nasjonalt snitt på alle dei tre prøvane. Frøyland ungdomsskule har berre elevar som kjem frå Frøyland skule. Her kan ein ved å sjå på prosentdelen av elevar på lågaste nivå i førre tabell sjå kva utslag det gjev for skalapoenga på Frøyland ungdomsskule. Vidare viser utviklinga for arbeidet som blir gjort på Frøyland ungdomsskule at dei har bidrege til å auka elevane sitt læringsutbytte i lesing og rekning for alle kulla på 9. trinn frå dei gjekk på 8. trinn. Bidraget er på 4, eller meir skalapoeng alle år med unntak av siste år i rekning frå 8. til 9. trinn. Resultata på 9. trinn ligg på og over nasjonalt snitt i lesing og rekning.

Oppsummering og vurdering:

Det har over tid vore fokus på og arbeidd med lesing i Timeskulen. Resultata har likevel variert mellom år på dei ulike trinna og danna grunnlaget for følgjande politisk vedtak som blei fatta i sak om Kvalitetsmeldinga for 2021: *Etablera felles systemarbeid knytt til lesing på barneskulane i Time for å sikra at resultata i lesing ligg stabilt på nasjonalt nivå.*

Som del av oppfølging av målsetting blei det oppretta stillingar som ressurspedagogar i lesing på alle skulane. Ein lærar på kvar av skulane fekk 30% stilling som del av å følgja opp arbeidet ved eigen skule. Det blei også lyst internt etter kommunal ressurspedagog i lesing som skal leia lesenettverket som blei etablert hausten 2022. Det er mange gode ressursar og verktøy knytt til lesing tilgjengeleg for 1.-4. trinn.

Med etableringa av systemarbeidet har alle skulane starta med iMal som del av byrjaropplæringa i lesing på 1. trinn. Skulane er vidare i gang med å etablera «På sporet», eit forskingsbasert program for intensiv oppfølging av elevar i lesing på 1. og 2. trinn. Det er vidare utforma eit rammeverk for lesing som viser kva ressursar og kartleggingar som finnes på 1.-7. trinn. Dette rammeverket skal etter kvart utviklast som eit systemverktøy som alle skulane med støtte frå lesenettverket skal jobba etter.

Kartleggingsprøvene for 3.trinn i lesing og resultat på fleire av skulane på 5-7.trinn bekrefter behovet for meir systemretta arbeid. Fram i tid vil me kunne følgje effekten av nylig igangsett systemarbeid kring lesing, som skildra i avsnitt over.

Over tid viser det seg at ungdomsskulane i stor grad klarer å løfta elevane frå 8. til 9. trinn. Mellomtrinna har noko å læra av korleis det vert jobba på ungdomstrinnet og eit tiltak som vil bli gjennomført i lesenettverket er å knyta til seg nokre frå ungdomstrinnet som kan bidra inn i utviklinga av systemarbeidet på mellomtrinnet.


Målet om å etablera eit felles systemarbeid er godt i gang. Målet fram i tid for ressurspersonane i lesenettverket er å utvikla det systemretta rammeverket for lesing på alle trinn på barneskulane.

Resultata for 1.-4. trinn og 5.-7. trinn viser også at fleire av skulane over tid har fleire elevar som ligg på lågare nivå i engelsk enn landsnittet. Desse resultata vil vera del av den enkelte skule si skulebaserte vurdering og følgt opp med interne prosessar og tiltak på skulane.

Karakterar og grunnskulepoeng

Standpunktkarakter avgangselevar våren 2022

Diagrammet under syner standpunktkarakterane fordelt på kjønn for elevane som gjekk ut av 10. klasse våren 2022.




Det kjem fram av diagrammet at jentene har betre resultat i tilnærma samlege fag med unntak av kroppsøving. I fleire av faga er forskjellen markant der jentene ligg opp mot ein karakter over snittet til gutane. Analyse av dei fire siste åra syner det same som diagrammet over. Gutane oppnår dårlegare karakterar enn jentene.

Grunnskulepoeng

Grunnskulepoenga blir vanlegvis rekna ut ved eit gjennomsnitt av alle karakterar i standpunkt og eksamen, og multiplisert med ti. For skuleåra 2019-2020, 2020-2021 og 2021-2022 er grunnskulepoenga berre basert på standpunktkarakterane.

Diagrammet under syner at utviklinga for Time i åra 2017-2018 låg på same nivået som Rogaland og nasjonalt. Elevane våre søker og konkurrerer om elevplass i vidaregåande skule på grunnlag av grunnskulepoenga dei har. Åra etter 2018 har Time-elevane hatt ein grunnskulepoengsum som ligg under nivået i Rogaland og nasjonalt.


Grunnskulepoeng – 10. trinn



Grunnskulepoeng fordelt på kjønn


Statistikken for grunnskulepoeng fordelt på kjønn viser over tid at gutane har dårlegare poengsum enn jentene. For gutane har det vore ei positiv utvikling frå 2021, medan jentene som låg over nasjonalt nivå i 2021 ligg på nasjonalt nivå i 2022.

Grunnskulepoeng – 10. trinn



Time kommune (EIER) - offentlig, Fylke, Nasjonalt, Offentlig skole, Gutt

Grunnskulepoeng – 10. trinn



Time kommune (EIER) - offentlig, Fylke, Nasjonalt, Offentlig skole, Jente

Overganger fra grunnskole til vidaregåande opplæring

År	Andel overganger i %
2022	100,0
2021	99,5
2020	98,6
2019	98,5
2018	100,0

Time, Grunnskole, Overganger, Begge kjønn

God overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring er avgjerande for å nå målsettinga om høgast mogleg gjennomføring. Det har vore arbeid systematisk over lengre tid med fokus på å sikra at alle elevar får ein god overgang og for å følgja opp elevar som kan stå i fare for å droppa ut av vidaregåande skule i Timeskulen.

Oppsummering og vurdering

Analyse av standpunktkarakterane fire år tilbake i tid syner at gutane oppnår dårlegare karakterar enn jentene. Grunnskulepoenga er til vanleg basert på standpunktkarakterane og eksamenskarakterane. Dei siste tre åra har det ikkje vore gjennomført eksamen, og grunnskulepoenga er berekna på standpunktkarakterane. Dei fire siste åra har elevane i Time samla oppnådd dårlegare grunnskulepoengsum enn Rogaland og nasjonalt. For jentene har dette endra seg dei to siste åra der dei har vore over og på nasjonalt nivå. For gutane har resultatane lege under alle åra. Det kjem vidare fram at det i år som i fjor er størst ulikskap mellom kjønn i Time kommune med ein differanse på 7,5 poeng i favør av jentene i 2022. Til samanlikning er denne differansen på 4,2 poeng for Rogaland.

Grunnskulepoenga er inngangsbiljetten til den vidaregåande skulen og konkurransegrunnlaget elevane har for å koma inn på den skulen dei ønskjer. Hovudmålsettinga er at elevane våre skal fullføra vidaregåande opplæring. Det er større sannsyn for at elevane lukkast når dei kjem inn på linjer dei ønskjer seg, og som for enkelte ligg i nærleiken av der dei bur.

Statistikken syner at dette strekker seg over tid, og med kvalitetsmeldinga for Timeskulen i 2021 blei det sett følgjande målsetting: *Det er eit mål at grunnskulepoenga til elevane i Time ligg på regionalt nivå.*

For å få dette til vil det bli gjennomført arbeid for å sjå på ulike årsaker og nødvendige tiltak på skulane, med særleg fokus på gutane sine behov og preferansar. Det er i felles prosessar i leiargruppa skule gjennomført analysar av alle kartleggingsprøvar og nasjonale prøvar for å sjå korleis resultatane ser ut fordelt på kjønn. Funna for 2022 viser at det ikkje er eit eintydig bilete som er likt på tvers av skulane. På nokre av skulane er det ikkje fleire gutar enn jenter som kjem på dei lågaste nivåa på nasjonale prøvar, men på skulane sett samla er det fleire gutar på desse nivåa. På nokre av ungdomsskulane er karakterforskjellane mindre mellom gutar og jenter enn på andre, men også her kjem samla sett gutane dårlegare ut.

Skulane har eit breitt tilfang av data som syner kva som er status ved eigen skule. Arbeidet med analyse og oppfølging av målsettinga som blei sett i 2021 tek tid og vil vera likelydande over tid.

Læringsmiljøet

Elevundersøkelsen

Mobbing

Time har over tid hatt færre elevar som opplever at dei vert mobba samanlikna med nabokommunane og nasjonalt. I 2022 viser tala på 7. og 10. trinn ein nedgang av elevar som opplever å ha blitt mobba på 7. trinn og ein liten oppgang i elevar som opplever å ha bli mobba på 10. trinn samanlikna med 2021. På 7. trinn er det ein nedgang frå 6 % til 5,3% som opplever mobbing på skulen. På 10. trinn er auken frå 4,5 % til 4,7%. Det nasjonale snittet er 9,9 % for 7. trinn og 7,4 % for 10.trinn.

Støtte frå lærarane

Relasjonen mellom lærar og elev er grunnleggande for å leggja til rette for eit trygt og godt læringsmiljø. Spørsmåla knytt til indeksen støtte frå lærarane handlar om i kva grad elevane opplever at lærarane bryr seg om dei, om dei har forventningar til dei, behandlar dei med respekt, og om dei får god hjelp når dei har problem med oppgåver og hjelper dei slik at dei forstår kva dei skal læra. Fleirtalet av skulane ligg på eller over nasjonalt snitt. På 7. trinn vekslar det på dei fleste skulane mellom år kva elevane svarer. 10. trinn syner stabil utvikling dei siste tre åra på to av skulane.

7. trinn Støtte frå lærarane	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2022-2023 Nasjonalt
Bryne	4,6	4,4	4,3	4,3
Rosseland	4,3	4,4	4,4	
Lye	4,6	4,1	4,3	
Frøyland	4,6	4,4	4,4	
Hognestad	4,0	3,8	4,0	
Undheim	4,4	4,0	3,9	
10. trinn Støtte frå lærarane	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2022-2023 Nasjonalt
Bryne u	3,9	4,0	4,0	4,0
Vardheia u			3,9	
Lye u	3,8	3,9	3,8	
Frøyland u	4,0	4,1	4,1	

Motivasjon

Spørsmåla knytt til indeksen motivasjon handlar om i kva grad elevane er interessert i å læra på skulen, kor godt dei likar skulearbeidet, og om dei gler seg til å gå på skulen. Utviklinga for 7. trinn er ein nedgang på fleire av skulane og framgang ved to av skulane frå i fjor. Det er også store ulikskapar på kva elevane svarer mellom skulane over tid. På ungdomsskulane har svara gått ned på to av skulane frå i fjor, og stabilt på same nivå for ein av skulane.

7. trinn Motivasjon	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2022-2023 Nasjonalt
Bryne	3,8	3,6	3,5	3,5
Rosseland	3,6	3,9	3,4	
Lye	4,2	4,1	3,4	
Frøyland	3,8	3,3	3,4	
Hognestad	3,3	2,8	3,5	
Undheim	3,9	3,0	3,4	
10. trinn Motivasjon	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2022-2023 Nasjonalt
Bryne u	3,4	3,4	3,4	3,3
Vardheia u			3,3	
Lye u	3,3	3,3	3,0	
Frøyland u	3,4	3,6	3,4	

Meistring

Spørsmåla knytt til indeksen meistring handlar om i kva grad elevane opplever å kunna gjera leksene på eiga hand, om dei klarer å gjera oppgåver på eiga hand på skulen, og i kva grad dei forstår nå læraren går gjennom og forklarar nytt stoff på skulen. Elevane sine svar dei tre siste åra på 7. trinn er relativt stabile. Det siste året er det nedgang ved tre av skulane. På 10. trinn er det framgang på ein av skulane frå i fjor og nedgang på to av skulane.

7. trinn meistring	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2022-2023 Nasjonalt
Bryne	4,1	4,0	3,9	3,9
Rosseland	4,0	4,0	4,0	
Lye	4,2	4,2	4,2	
Frøyland	4,2	4,0	4,0	
Hognestad	3,8	4,0	3,8	
Undheim	4,0	3,9	3,8	
10. trinn meistring	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2022-2023 Nasjonalt
Bryne u	4,0	3,7	4,0	3,9
Vardheia u			3,9	
Lye u	3,8	4,0	3,9	
Frøyland u	4,1	4,2	4,0	

Elevdemokrati og medverknad

Eit område som kan ha noko å seia for elevane sin motivasjon og meistring er korleis elevane opplever å medverka i eiga læring. Spørsmåla knytt til indeksen elevdemokrati og medverknad handlar om i kva grad elevane opplever at dei får vera med på å føreslå korleis dei skal arbeida med faga, om det vert lagt til rette slik at dei kan delta i elevrådsarbeid, om skulen høyrer på forslaga dei kjem med og om dei får vera med på å laga reglar for korleis dei skal ha det i klassen. På 7. trinn er det stor variasjon mellom år, og mellom skulane. Frå i fjor er det stabil og positiv utvikling ved fire av skulane. På 10. trinn er utviklinga frå i fjor uendra ved alle skulane. Alle skulane ligg over nasjonalt snitt.

7. trinn - Elevdemokrati og medverknad	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2022-2023 Nasjonalt
Bryne	3,8	3,8	3,8	3,6
Rosseland	3,7	3,7	3,8	
Lye	4,2	3,4	3,9	
Frøyland	3,7	3,0	3,6	
Hognestad	3,7	3,8	3,6	
Undheim	3,8	3,5	3,4	
10. trinn - Elevdemokrati og medverknad	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2022-2023 Nasjonalt
Bryne u	3,4	3,5	3,5	3,3
Vardheia u			3,6	
Lye u	3,1	3,4	3,4	
Frøyland u	3,6	3,7	3,7	

Vurdering for læring

Eit anna viktig område i elevundersøkinga som seier noko om i kva grad elevane opplever å medverka i eiga læring, finn ein i spørsmåla knytt til vurdering for læring. Her svarar elevane på 8 spørsmål som summert handlar om i kva grad elevane opplever at lærarane forklarar mål i dei ulike faga slik at dei forstår desse, kva som vert lagt vekt på i arbeidet, kva som er bra med arbeidet, kva dei må gjera for å bli betre, kor ofte dei får tilbakemeldingar, om dei får vera med å føreslå kva som skal leggjast vekt på, om dei får medverka i vurdering av eige arbeid og om dei får hjelp til å utvikla seg i faget. Her kjem det fram av resultatata for 7. trinn at det har vore stabilt eller framgang på tilnærma alle skulane samanlikna med i fjor, og svara ligg opp mot nasjonalt snitt. På 10. trinn er utviklinga frå i fjor stabil og positiv for to av skulane. Alle skulane er over nasjonalt snitt.

7. trinn Vurdering for læring	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2022-2023 Nasjonalt
Bryne	3,9	3,7	3,6	3,7
Rosseland	3,7	3,7	3,7	
Lye	4,2	3,4	3,7	
Frøyland	3,9	3,2	3,6	
Hognestad	3,4	3,3	3,8	
Undheim	3,5	3,1	3,1	
10. trinn Vurdering for læring	2020-2021	2021-2022	2022-2023	2022-2023 Nasjonalt
Bryne u	3,3	3,2	3,4	3,3
Vardheia u			3,4	
Lye u	3,1	3,4	3,4	
Frøyland u	3,6	3,7	3,6	

Oppsummering og vurdering

Svara frå elevane på elevundersøkinga baserer seg på ein skala på 1-5, der 5 er beste skår. Når ein går inn på enkeltspørsmål knytt til dei ulike indeksane er det tydeleg at elevane bruker skalaen. Det er ulikskapar i resultat mellom trinn og skulane i Time. På overordna kommunalt nivå viser resultatata at elevane over tid gjev oss om lag 4 på tema som omhandlar læringskultur, trivsel, meistring og støtte frå lærar på både 7. og 10. trinn. Når det gjelder tema elevdemokrati og medverknad, motivasjon og vurdering for læring har tilbakemeldingane over tid vist at dei opplever dette i middels grad.

Elevundersøkinga over tid har vist at utviklingspotensialet for Timeskulen ligg i å auka elevdemokrati og medverknad, og å ha fokus på vurdering for læring. Dette danna grunnlaget for følgjande politisk vedtak som blei fatta i sak om tilstandsrapporten for 2021 som det er jobba med på skulane i 2022: *Målet er at elevane skal tilbakemelda på nivå 4 på spørsmåla knytt til vurdering for læring og elevane sin medverknad.*

Viktige delspørsmål frå desse indikatorane som me har hatt fokus på er i kva grad elevane opplever at dei får vera med å vurdera sitt eige arbeid, om dei opplever å få tilbakemeldingar frå lærarane som gjer eit dei utviklar seg i faga, og om dei får vera med å føreslå korleis ein skal jobba med ulike tema i faga. Desse spørsmåla omhandlar direkte kva praksis det er på skulane for å la elevane medverka i planlegging og gjennomføring av undervisninga, og det vert meldt at det vil ta tid for skulane å jobba med å utvikla denne praksisen.


Det blei som del av å skapa utvikling på dette området initiert til felles samlingar for alle lærarane i Timeskulen ved oppstart av skuleåret. Tema på agendaen var Cooperative learning (samarbeidslæring) som inneheld ulike strukturar og verktøy for å engasjera og aktivisera elevane for samarbeid og læring. Tilbakemeldingane frå lærarane er at dei opplevde dette som nyttig og dei ønsker meir kompetanse innanfor dette temaet.

Å endra praksis i skulen for å auka elevmedverknad og ha fokus på vurdering for læring, er noko som vil ta tid. Her blir det lagt opp til langvarige prosessar med skuleleiarar og lærarar for å sikra utvikling i ønska retning. Difor vil vurdering for læring og elevane sin medverknad vera felles innsatsområde i Timeskulen i åra som kjem.

Gjennomføring av vidaregåande skule

Det har over tid vore jobba systematisk med å få ned talet på elevar som ikkje gjennomfører vidaregåande skule og opplæring. Dette skjer gjennom systematisk samarbeid med Klepp kommune, Bryne vidaregåande skule og Øksnevad vidaregåande skule gjennom mål og tiltak i felles overgangsplan som blei revidert i 2020.

Statistisk blei målepunktet for fullført gjennomføring endra i 2020 frå 5 til 6 år etter at elevane har gått ut 10. klasse. Diagrammet nedanfor syner at av elevane avslutta grunnskulen i 2013 hadde 77,2% fullført etter 5 år. Dette var færre enn snittet i Rogaland som var på 78,1%. Etter 6 år hadde 81,4% av Time-elevane fullført, og låg over snittet for Rogaland på 81,2%. 2022 syner framleis ei positiv utvikling. 89,9 % av elevane våre gjennomførte vidaregåande opplæring. Dette er over gjennomsnittet for Jærskule-kommunane og Rogaland.



Statistikk som er presentert i rapporten viser at 95,8% av Time-elevane har fullført første året i vidaregåande skule. Dette ligg over snittet i Jærskule-kommunane og for Rogaland.

Oppsummering og vurdering

I Timeskulen har me eit spesielt fokus på den nasjonale målsettinga om at elevane våre skal fullføra vidaregåande opplæring. Dette er inngangsbiljetten til vidare utdanning og arbeidsliv som gjev moglegheiter for jobb og seinare til medborgarar som bidreg til fellesskapet. Det har vore arbeidd systematisk over lengre tid med fokus på å følgja opp elevar som kan stå i fare for å droppa ut av vidaregåande skule i Timeskulen. Dette er gjort gjennom systemet vårt «Tett på» med handlingar og tiltak som vert følgt opp på den enkelte skulen. Det er vidare utforma felles målsetting i overgangsplan saman med Klepp kommune, Bryne vidaregåande skule og Øksnevad vidaregåande skule som blei revidert i 2020. Målsettinga som blei sett då var at 82% skal fullføra og bestå innan 5 år (6 år for yrkesfagleg).

Dette målet blei for Time innfridd i 2021, og vidare ambisjonen og mål som blei sett for Timeskulen var at 90% av ungdommane skal fullføra vidaregåande opplæring. Dette målet er me nær ved å oppnå for 2022 der 89,9% av elevane våre har fullført vidaregåande skule. Den positive utviklinga der fleire elevar nå gjennomfører vidaregåande opplæring handlar om godt systemarbeid på skulane, tett samhandling med vidaregåande skule, og endringane som er gjennomført på dei vidaregåande skulane der dei spesielt følgjer opp elevar det vert gjennomført egne samarbeidsmøte om.

Ei forklaring på at Time har så høg gjennomføringsgrad kan vera at me har ein vidaregåande skule i kommunen. Ein måte å vurdera dette på er å samanlikna Time kommune med Sandnes kommune som også har vidaregåande skular:

		2019	2020	2021	2022
Sandnes	Alle	75,5%	79,1%	84,2%	81,0%
	Yrkesfagleg	64,3%	71,3%	74,4%	70,0%
	Studiespesialiserande	87,6%	87,6%	92,1%	91,7%
Time	Alle	77,2%	81,4%	86,8%	89,9%
	Yrkesfagleg	71,2%	79,2%	82,2%	84,4%
	Studiespesialiserande	83,9%	83,9%	91,1%	95,5%


Tabellen syner at Time har fleire elevar som gjennomfører vidaregåande skule alle dei fire åra som er presentert. Den viser positiv utvikling i perioden 2019-2021 og ein nedgang i 2022 for Sandnes kommune. For Time viser den positiv utvikling for alle åra. Time skil seg gjennomgåande positivt ut knytt til gjennomføringsgrad på yrkesførebuande fag samanlikna med Sandnes. Sandnes hadde dei tre første åra fleire elevar enn Time som fullførte studiespesialisering, men her har det vore markant positiv utvikling dei to siste åra for Time. Samanlikninga indikerer ikkje at grunnen til Time sine gode resultat kan tilskrivast at det ligg ein vidaregåande skule i kommunen. Det kan vera ein medverkande årsak, men det viktigaste arbeidet skjer gjennom heile utdanningsløpet frå barnehage til elevane går ut av grunnskulen i 10. klasse.

Det er viktig å halda fast ved målsettinga og jobba for at minst 9 av 10 elevar frå Timeskulen gjennomfører vidaregåande opplæring. Det vil bli gjennomført ei evaluering av systemarbeidet vårt i «Tett på» saman med rådgjevarane på ungdomsskulane og framtidig innhald skal verta del av plan for nærvær som er under utarbeiding.

Spesialundervisning


Kunnskapsgrunnlag som omhandlar kva tid det er viktig å setja inn tiltak for å støtta elevane si læring, er tydeleg på at dette må gjerast i tidleg alder. Oversikt over utviklinga dei fire siste åra knytt til kor mange av elevane i prosent som får spesialundervisning, er presentert i tilstandsrapporten for Jærskulen. Det er auke i del av elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning frå 2021 i alle kommunane.

Diagrammet under syner utviklinga i del av elevar med enkeltvedtak om spesialundervisning fordelt på hovudtrinn i Time dei siste fire åra. Talet på elevar med spesialpedagogisk hjelp har gått litt ned på 1.-4. trinn frå 2021, mens det for mellom- og ungdomstrinnet har vore ein auke til 2022.



Kjelde GSI

Målsettinga er å få til ei dreining kor ressursane i større grad kan nyttast inn i det allmennpedagogiske, slik at flest mogleg elevar får hjelp via tilpassa opplæring, og ikkje får behov for spesialundervisning. Det har over tid vore eit stort omfang av årstimar knytt til mange av enkeltvedtaka. Som det kjem fram av figuren under, aukar vedtak på 271+ timar markant samanlikna med tidlegare år.



Tabellen under syner utvikling i talet på tilvisingar til PPT dei fire siste åra. Auken er vesentleg i aldersgruppa 6-15 år i 2022.

Ved årsslutt	Nye tilvisingar	Alder 0-5 år	Alder 6-15 år	Alder 16-19 år	Vaksne 20+	Sum saker	Venteliste
2019	105	64	372	0	29	465	0
2020	100	59	351	1	23	433	1
2021	200	65	414	0	30	509	4
2022	157	65	480	1	38	584	29

*Før ein får vedtak om spesialundervisning tilviser foreldra og/eller skulen eleven til PPT. Talet på tilvisingar er ikkje det same som talet på enkeltvedtak.

Oppsummering og vurdering

Det er ønskeleg at ressursane i skulen i større grad blir nytta til det allmennpedagogiske, slik at flest mogleg elevar får hjelp ved tilpassa opplæring og ikkje får behov for spesialundervisning. I Timeskulen har ein jobba målretta mot dette over fleire år. Fram til 2021 har det vore nedgang, og talet på elevar som har hatt behov for spesialundervisning har lege stabilt rett over 6%. Det var over tid nedgang i talet på elevar på ungdomstrinnet med vedtak i tråd med målsettinga om tidleg innsats. Det er urovekkjande og ei stor utfordring at omfanget av elevar med behov, og tilrådde timar aukar i det omfanget som kjem fram av diagramma over. Auken skjer på mellom- og ungdomstrinnet. Det vert frå skulane meldt om auke i elevar som opplever å ikkje meistra elevrolla, og det å vera del av eit fellesskap i ein klasse. Det er behov for å gjennomføra ein større analyse på skulane for å søka å finna årsaker til utviklinga som grunnlag for å kunna vurdere tiltak.

Foreldreundersøking

Foreldreundersøkinga vert gjennomført på alle skulane på 1.-10. trinn. Undersøkinga er ei viktig kjelde for å få tilbakemeldingar frå foreldra på korleis dei opplever at deira barn og unge vert sett og tekne i vare på ved skulane våre. Svarprosenten i sum for 2022 var på 51,6%, men det er stor variasjon mellom skulane, og på dei ulike trinna på kor mange foreldre som har svart.

Foreldreundersøkelsen - grunnskole

Indikatorer	Time 2020	Time 2021	Time 2022
Motivasjon	4,2	4,1	4,2
Støtte fra lærerne	4,5	4,5	4,6
Trygt miljø	4,4	4,4	4,4
Dialog og medvirkning	4,5	4,5	4,6
Informasjon fra skolen	4,1	4,1	4,2
SFO	4,6	4,7	4,5
Læring og utvikling	4,2	4,1	4,1
Snitt totalt	4,4	4,3	4,4

Tabellen syner utviklinga dei tre siste åra. Svara frå foreldra på baserer seg på ein skala på 1-5, der 5 er beste skår. Statistikken syner lite variasjon mellom år med ei spreining frå 4,1 på indikatoren læring og utvikling på lågaste skor til 4,6 på støtte frå lærarane med den høgste skåren i 2022.

Det er gjennomført analysar knytt til indikatorane og delspørsmåla på alle skulane. Desse skal brukast som informasjonsskjelde for skulen si kvalitetsutvikling, og som del av tema i FAU og SU.